



Liv A. Skårnes
Skornesvegen 151
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3542 - 16/32883

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.12.2016

Melding om feil og manglar på slamavskiljar etter utført slamtømming - gbnr 196/24 Midgård

Lindås kommune har 04.11.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om at slamavskiljaren på eigedomen gbnr 196/24 har skade i topp kammer 2 og 3.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Kloakkutsleppet frå eigedomen din er knytt til kommunal utsleppsleidning der reinsing av kloakken skal skje i eigen slamavskiljar. Avlaupsløysinga er avhengig av at slamavskiljaren er i god stand og fungerer. Den skada slamavskiljaren kan føra til at vilkåra for den godkjende avlaupsløysing ikkje lenger er stetta og at forureining kan skje.

Slamavskiljaren må skiftast ut. Frist for arbeidet vert sett til 01.05.2017.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bilde sendt inn - gbnr 196/24 Midtgård
AnleggID=77128_OppdragID=1894008_DSC00101
Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Kopi til:

Teknisk drift

Mottakarar:

Liv A. Skårnes

Skornesvegen 151 5955

LINDÅS